



Morgan Færøykavlen
Nøttveitvegen 30
5936 MANGER

Referansar:

Dykkar:

Vår: 17/1889 - 17/12838

Saksbehandlar:

Sveinung Kvamme

sveinung.kvamme@radoy.kommune.no

Dato:

20.10.2017

Vassgebyr gnr 49 bnr 39

Vi viser til epost som gjeld vassgebyr på gnr 49 bnr 39 i Radøy kommune. Vi seier oss leie for at det har teke tid å svara på brevet, og at saka vart oversendt Nordhordland kemnerkontor for innfordring. Saka er stoppa for innfordring, og vi har på telefon avtalt at den delen av kravet som gjeld andre kommunale gebyr, utanom vassgebyret, skal betalast snarast råd.

Når det gjeld vassgebyret, vart dette lagt til som nytt gebyrkrav fordi ein gjennomgang av gebyrregisteret synte at eigedomen var tilknytt vatn, utan at det var registrert noko vassgebyr.

Det er lagt fram eit skøyte, der det går fram at «Retten til gratis vann skal følge gnr 49 bnr 39». Vi kjente ikkje til denne avtalen, som truleg er inngått for mange år sidan. Vi finn den ikkje som ein skriftleg avtale i arkiva våre, og må difor leggja til grunn at den er inngått munnleg, og stadfesta gjennom skøyte. Det har tidlegare ikkje vore sendt krav på vassgebyr, og partane har såleis innretta seg på avtalen. Kravet vi har sendt på vassgebyr vert difor fråfalle, og kreditnota vil bli sendt.

Til orientering seier gjeldande forskrift for vassgebyr i Radøy kommune at alle som er tilknytt det kommunale vassverket skal betala gebyr. Dette betyr at Radøy kommune sjølv må betala dette vassgebyret til «vassverket» inntil vidare.

Med helsing

Sveinung Kvamme
Økonomisjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634



RADØY
den grønne øya

Kopi til:

Einar Færø

Mottakarar:

Morgan Færøykavlen

Nøttveitvegen 30

5936

MANGER